

Kommunalsjef HR og Forvaltning Fedje Kommune

FEDJE er ein liten øykommune ved ytste vestkyst av Hordaland. Det er i underkant av 600 fastbuande på øya. Fedje vert kalla «Landsbyen i havet» grunna folk bur tett i tett kring hamna i nord. Fedje er rik på historie og naturopplevingar.

Bli kjent med landsbyen i havet!

Me søker ein kommunalsjef som kan «litt om alt» og som kan jobbe tverrfagleg strategisk og overordna men og delta i praktisk i drift av kommunen.

Kommunalsjefen vil være personalsjef og leie ein sektor som er knytt til den interne drifta av kommunen. Det vil si økonomi, IKT, HR/personal og fellestenester (sørvistorg, kommunikasjon, kultur, politisk møtesekretariat og arkiv).

Stillinga vil være ein del av toppleiinga i kommunen saman med kommunedirektøren, kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalsjef for levekår. Fedje kommune har ny organisering, ny toppleiing og nytt grunnlag for vekst og utvikling. Framover vil vår nye kommunalsjef HR og forvaltning ha ei sentral rolle som pådrivar i toppleiinga og elles i organisasjonen. Du vil få være med på å bygge og vidareutvikle ein tenesteytande kompetanseorganisasjon basert på gode leiing- og arbeidsprosessar, tverrfagleg samspel, heilskaplege løysningar og myndiggjorte medarbeidarar.

Me søker ein kommunalsjef med evne til relasjonsbygging og dialog, og ein analytisk og strukturert arbeidsform. Du har ein inkluderande leiarstil og er lydhør. Stillinga er ny, og du vil sjølv få være med å utforme innhaldet i stillinga.

Ansvarsområde vil være

- Overordna ansvar for kommunen sin økonomi herunder økonomistyring, budsjettarbeid, rekneskap og årsmelding i tett samarbeid med økonomisjef
- Heilskapleg personalplan og strategiar for personal- og organisasjonsutvikling herunder utvikle ein framtidsretta arbeidsgjevarstrategi og personalpolitikk
- Rettleie og støtte leiarar i heile organisasjonen i arbeidsgjevarspørsmål
- Initiere og koordinere omstillings- og utviklingsprosessar i samarbeid med kommunedirektøren
- Forhandlingar, lønns- og avtaleforhold og 3-partssamarbeid
- Langsiktig personalplanlegging og rekruttering
- HMS, bedriftshelseteneste og arbeidsmiljø
- Følje opp sjukemelde saman med personaleiar, sjukeløn/refusjonar og kontakt med NAV og KLP
- Overordna ansvar for politisk sekretariat, dokumentsender og servicetorg
- Sakshandsaming på personalområdet som permisjon, arbeidsavtalar, attestar/ansiennitet og liknande
- Ansvar for kommunen sitt internkontrollsystem og utvikling av dette

Ønska kvalifikasjonar

- Du har relevant utdanning frå høgskule eller universitet
- Det er ynskjeleg med erfaring frå liknande kommunalt arbeid og leiarerfaring
- Du er systematisk og har god kontroll på t.d. økonomi og administrasjon
- Du har stor arbeidskapasitet, klarar å strukturere eige og andre sitt arbeid, og kan samarbeide med andre

- Du er trygg på lovverket knytt til sektoren
- Du har god forståing for kommunal forvaltning og offentlig verksemd
- Evne og vilje til tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar
- Du har høg generell IKT-kompetanse
- Du skriv og snakkar godt norsk. Tenestemålet på Fedje er nynorsk
- Det vil bli lagt vekt på at du er personleg egna knytt til løysningsorientering, samarbeidseigenskapar, sjølvstende og at du er analytisk og strukturert
- God munnleg og skrifteleg kommunikasjons- og framstillingsevne

Me byr på

- Ei interessant leiarstilling med store og små oppgåver i eit tett og lite miljø
- Sjølvstende i stillinga, fleksibel arbeidstid og kjekke kollegaer med mykje humor.
- Nærleik til innbyggjarar, oppgåver og resultat
- Engasjerte medarbeidarar som brenn for innbyggjarane sitt beste
- Eit godt arbeidsmiljø i nyrenovertede lokalar og kjekke kollegaer
- Å vera ein del av landsbyen i havet med storhavet og naturen tett på, gode naboar og eit aktivt kultur- og friluftsliv
- Hjelp til å skaffa bustad, gratis barnehageplass i ein aktiv barnehage, eit godt oppvekstmiljø og ein inkluderande skule med gode resultat frå 1.-10.klasse.
- Me tilbyr hybride kontorløysingar med delvis heimkontor om det er eit ønske
- Me tilbyr leiarutvikling
- Lønn etter avtale
- Pensjonsordning i KLP, ein av Noregs beste pensjonsordningar

Søknadsfrist 23.04.2023

For meir informasjon ta kontakt med Kommunedirektør Berit Rystad på telefon 906 19 328, Hege Solbakken Partner Bønes Virik på telefon 911 04 141 eller Liv Braathen Partner Bønes Virik på telefon 488 49 499. Stillinga er omfatta av offentleglova.

Lønn etter avtale. Tilsetjinga skjer etter dei til ei kvar tid gjeldande lov og avtaleverk.

[Sjå gjerne vår vesle videosnutt om landsbyen i havet!](https://www.fedje.kommune.no)
www.fedje.kommune.no

På hjemmesidene vil du finne informasjon om kommunens organisasjon, det kommunale styringssystemet, tjenestetilbudet til befolkningen, prioriterte satsningsområder, samt budsjett, strategier og planer for framtidig utvikling.

Nøkkelord HR, Forvaltning, Leder- og organisasjonsutvikling, Strategi, Kommunal forvaltning, Økonomi, Budsjettansvar